



Statens vegvesen

NVE
Postboks 5091 Majorstuen
0301 OSLO

Behandlande eining:
Transport og samfunn

Sakshandsamar/telefon:
Lars Ottar Sagstad / 55516434

Vår referanse:
21/77703-7

Dykkar referanse:

Vår dato:
26.01.2022

Uttale med motsegn til høyring av konsesjonssøknad om kraft frå land til oljefelta NOA og Krafla

Statens vegvesen syner til mottatt brev frå NVE datert 26.11.2021 med melding om offentlig høyring av konsesjonssøknad og konsekvensutredning for landstrøm til NOA og Krafla oljefelt med uttalefrist 31.01.2022. Vi syner vidare til møte med NVE den 11.01.2022 og møte med AkerBP/Equinor (NOA/ Krafla) den 14.01.2022 der Statens vegvesen la fram våre førebelse tilbakemeldingar til søknaden.

Konklusjon

Statens vegvesen fremjar motsegn til konsesjonssøknaden. Motsegna er knytt til vår rolle som forvaltar av riksveg. Slik Statens vegvesen vurderer konsesjonssøknaden legg den opp til løysingar som er i vesentleg konflikt med nasjonale interesser knytt til gjennomføring av vedteken kommunedelplan E39 Stord-Os (KDP) som regulerer ny ferjefri E39 på strekninga.

Motsegna er konkret knytt til følgjande punkt i konsesjonssøknad:

- Kabeltrasé for landstrøm til oljefeltet kryssar under planlagt bru over Bjørnafjorden i den bandlagte sona for kommunedelplan E39 Stord-Os.
- Manglande risikovurderingar/konsekvensutredningar for Statens Vegvesen sitt E39 prosjektet i forhold til konsesjonssøknad for NOA/Krafla AkerBP/Equinor.
- At NOA/Krafla skal ha rett til ekspropriasjon av bandlagt innanfor areal avsett i KDP E39 Stord-Os.

Etter Statens vegvesen si vurdering er det ikkje i tilstrekkeleg grad dokumentert at kabeltrasen kan gjennomførast utan at det gir ekstrakostnader for vegprosjektet, og at høgspenkabelen kan medføre fare for liv og helse i både drifts- og anleggsfasen innanfor det aktuelle arealet. Vi vil gjere nærare greie for våre motsegn i dette brevet.

Postadresse
Statens vegvesen
Transport og samfunn
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Statens vegvesen sitt ansvar i planarbeid er først og fremst knytt til arealbruken langs riksveg. Vi har også ansvar for at føringar i Nasjonal transportplan (NTP), statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar vert ivaretekne i planlegginga. Til denne søknaden uttalar vi oss som forvaltar av riksveg.

Saka gjeld:

Vedteken trasé for og reguleringsplan for ny E39

Staten vegvesen sin statleg kommunedelplan for E39 Stord–Os vart godkjent den 5. september 2019 av Samferdselsdepartementet, samtidig vart dagens traséval for E39 bestemt. E39 Stord–Os er omtalt i handlingsprogram for Nasjonal transportplan (NTP) 2018–2029, med anleggstart frå 2024–2029, noko som er vidareført i gjeldande NTP for perioden 2022–2033.


I vedteken kommunedelplan for E39 Stord–Os er det avsett et areal til bygging av bru over Bjørnafjorden med tilhøyrande bandleggingszone. Det betyr at området er bandlagt til dette formålet (inkludert botn av Bjørnafjorden), og at det ikkje kan etablerast andre tiltak som er i strid med dette eller kan gjera det vanskeleg å bygge vegen/brua.

Statens vegvesen starta i september 2020 opp arbeid med statleg reguleringsplan for E39 Stord–Os, og planlegg å ha ferdig planforslag til 1.gangsbehandling oktober 2022 for vedtak om offentlig ettersyn.


Konsesjonssøknad

Aker BP ASA og Equinor («Tiltakshavar») søker NVE om konsesjon, ekspropriasjonsløyve og førehandstilslutning for å bygge og drifte et landstrømanlegg til olje- og gassfelt NOA og Krafla i Nordsjøen. Tilknytingspunktet er Statnetts 420 kV transformatorstasjon i Børdalen i Samnanger. Utbyggingsplanane går igjennom Samnanger, Bjørnafjorden, Tysnes, Fitjar og Austevoll kommune.

Foreslått kabeltrasé kryssar framtidig E39 over Bjørnafjorden slik som skissert i figur nedafor. Figur 2 viser bruløysing for E39 med mogleg ankerløysning på botn der ein straumkabel vil vere i direkte konflikt. Ankerplassering og andre forankringselement som er vist på illustrasjonen er førebels, og kan verta endra i vidare arbeid detaljløysingane for brua og brua si forankring til botn.



Figur 1: Utsnitt traséval landkabel vist med blå linje og brutrasé vist med raud linje.



Figur 2: Utsnitt bruløysing med ankerline og anker på djupe opptil 500 meter under sjølinje (illustrasjon frå Statens vegvesen sitt arbeid med reguleringsplan for E39 Stord-Os, merk at ankerplassering m.v. er førebels).

Statens vegvesen informerte tiltakshavar (AkerBP/Equinor) om pågåande arbeid med statleg reguleringsplan for E39 Stord–Os, vårt arbeid med bruløysinga og våre grunnundersøkingar i Bjørnafjorden i eigne tekniske møter november og desember 2021.

Motsegn frå Statens vegvesen knytt til manglande omsyn i forhold til vedteken trasé for E39 Stord–Os (Hordfast).

I vår uttale 03.06.2021, ved melding om oppstart, ba vi om at traséval for landkabel måtte skje i vidare dialog med og etter godkjenning frå Statens vegvesen.

I oversending av fastsett utredningsprogram den 02.11.2021 for kraft frå land til Noa og Krafla oljefelt har NVE skrevet fylgjande: «*Det skal vurderes hvordan kraftledningen kan bygges for å unngå konflikt med planlagt bro over Bjørnafjorden og Statens vegvesen skal kontaktes i utredningsarbeidet.*»

Konfliktpunkt

For oss ser det ut til at løysning er valgt, utan at slik konflikt er unngått og utan at Statens vegvesen er involvert i utredningsarbeidet. Statens vegvesen ser det som viktig å sikre traséen der ei bru vil komme. Det må difor takast omsyn til dei ulemper og risikofaktorar som kan oppstå, blant annet når:

- I byggefasen av prosjektet då brua får anker/ankerliner til botn. Dette arbeidet kan skade straumkabelen og brot i denne kan i verste fall skje.
- Lagring og opphenting av ankerkjetting frå sjøbotn før anleggsfase. Dette blir henta opp ved å dra krokliner over sjøbotn. Dette kan medføre brot i straumkabel.
- Flytting av anker i driftsfasen pga. undersjøiske ras eller brot på ankerliner, som må erstattast. Dette kan medføre at ankerplassering må flyttast og ramme straumkabel.

AkerBP, Equinor (NOA/Krafla) og Statens vegvesen har i møte den 14 januar 2022 diskutert kabeltrasé under framtidig bru over Bjørnafjorden.

Statens vegvesen trur at det kan finnast tekniske løysningar for begge parter, slik at dei to prosjekta kan realiserast på ein god måte. Det har i høyringa vore dialog mellom partane, jamfør møte 14.02.2022, men Statens vegvesen ser ikkje at vi er komen langt nok med omsyn til å avklare dei juridiske, økonomiske og risikomessige sidene for E39 Stord–Os (Hordfast) og for NOA/Krafla sin kabel. Dette gjelder både i planleggingsfasen, i byggefasen og i driftsfasen. Dersom kabeltraséen kan kome i konflikt med Bjørnafjordkryssing for E39 er det er naudsynt med ein avtale mellom partane som ivaretek ovannemnde.

Om det tilkjem kostnadar, komplikasjonar og utsetjingar knytt til å bere risiko omkring kablokasjonar føreset Statens vegvesen at tiltakshavar (AkerBP/Equinor) kompenserer Statens vegvesen fullt ut for dette fortløpande.

Statens vegvesen ser at det kan bli stor aktivitet på botn av Bjørnafjorden i byggefasen av E39-prosjektet, då brua ser ut til å få ankerliner til botn og ankerposisjonar her. Det kan

vere både temporære anker fra skip/lekter og anker som høyrer til sjølve brua. Dette arbeidet kan skade straumkabel og brot i denne kan i verste fall skje.

Konklusjon:

Statens vegvesen har i møte med NVE den 11. januar 2022 uttrykt bekymring for planlagt trasé for landkabel og konsekvensar dette vil ha for E39 Stord–Os.

Statens vegvesen fremjar motsegn fordi konsesjonssaka ikkje i tilstrekkeleg grad ivaretek våre interesser. Det er ikkje tilstrekkeleg dokumentert at landkabel under framtidig bru over Bjørnafjorden ikkje vil skape store negative konsekvensar for E39 Stord–Os.

Slik konsesjonssøknaden føreligg skaper den fare for vesentleg konflikt med nasjonale interesser knytt til gjennomføring av vedteken kommunedelplan E39 Stord–Os som regulerer ny ferjefri E39 på strekninga.

Ein straumkabel på sjøbotn under vegtraséen vil kunne medføre økonomiske ekstrakostnader og fare for liv og helse i anleggs- og driftsfase for framtidig E39 Stord–Os.

Ansvar for å utgreie ein kabeltrasé utanfor bandlagt areal for E39, eller å fremme forslag til kryssingsavtale, som kan godtakast av Statens vegvesen, kviler på tiltakshavar. På bakgrunn av dette ber vi om at konsesjonssøknad vert justert i høve til vårt motsegn til planen.

Statens vegvesen vil kunne trekke motsegna når traséval går utanfor bandlagt areal, eller så snart løysingane er justert, og det er inngått en kryssingsavtale mellom partane som ivaretek interessene våre nemnd ovanfor.

Statens vegvesen, Transport og samfunn
Med helsing

Per Morten Lund
direktør

Tone Margrethe Oppedal
avdelingsdirektør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
BJØRNAFJORDEN KOMMUNE, Postboks 24, 5649 EIKELANDSOSEN
STATSFORVALTAREN I VESTLAND, Njøsavegen 2, 6863 LEIKANGER
TYSNES KOMMUNE, Uggdalsvegen 301, 5685 UGGDAL
VESTLAND FYLKESKOMMUNE, Postboks 7900, 5020 BERGEN